

Halling- lom



Lagblad for Hallinglaget - i Oslo -
- N.R. 1/18 -

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	6
Årsmelding for Hallinglaget	side	8
Årsmelding for Hallingbu	side	11
Hardingfele til leige	side	12
Program for våren	side	13
Juleavslutninga i Hallinglaget	side	14
Bilder frå helgekurset i haust	side	16
Minikurs i hallingspringar	side	17
Leiarar dei siste 77 åra	side	18
Infoside om Hallinglaget	side	19
Hallinglaget i Oslo	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Godt nyttår alle saman! Året er 2018!

Nok eit godt danseår ligg bak oss, øvingane annan kvar onsdag går rimeleg bra! Våre kjære spelemenn/ kvinner stiller opp. Folk kjem og dansar og folk skriv seg på kakebakarlista vår så me stort sett har heimebaka kake kvar gong! Personleg synes eg at springarøvingane våre er særskilt viktige, og det at me klarer å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden skal me vera stolte av.

Det eg er aller mest nøgd med i året som gjekk er det store Helgekurset i hallingspringar, dei to minikursa i hallingspringar, samt den fine Juleavslutninga med topp dansespel av Birger Liahagen. Det er så moro når folk møter opp! Og det er særskilt viktig at folk stiller opp på det me skipar til, elles kan me ikkje halde på! Så eg håper at folk i framtida også vil komme for å verne om sin eigen kultur.

BLS arbeider no aktivt med få til ei fornying av aktivitetane i Nordahl Bruns gate 22 og støtter aktivt opp med laga, med billige dansesalar og vil bidra meir på PR sida framover. Litt meir PR og hjelp til marknadsføring kan gje laga og BLS den naudsynte framgangen dei treng. Laga hadde sett pris på 50% auke i deltakinga og Folkedanskveldane treng to til tre gonger fleire enn no. Men dansekveldane våre er bra og det er vanlegvis jamnt med kvinner og menn, og det slår meg at me er gode til å danse! Kursa og øvingane har gjeve resultater og eg må skryte av vår nye danseleiar Knut Skrindo for framifrå instruksjon, samt at alle lærer av kvarandre. Eg «kapra» eit par av tango-jentene i haust, ein kveld der jentene våre svikta, og dei lærte å danse hallingspringar på ein kveld! Slå den, men det er jo folkedans og har ein dansa noko anna so går det greitt.

I år var det andre gongen BLS og Laga var med på «Kulturnatta i Oslo». Så den 15. september var det liv og røre i alle dansesalane i Nordahl Bruns gate 22. Det var bygdedans heile kvelden i Blåsalen, det var lausdans for barn først på kvelden i Halli, deretter tur- og songdans. I Storsalen var det god gamaldans heile kvelden, med ei pause for ein fin konsert med Bygdelagskoret Blåne. Som eit første ledd i «BLS i Framtida» har BLS sponsa desse kveldane med om lag 30 tusen, og det blir antaklegr ny Kulturnatt dette året. Her håper me at enno fleire møter opp. BLS er i det heile open for alle slags forslag til aktivitetar som kan fengje, så om ein brenn for noko, bli med! Me er i ein særskilt god situasjon no, BLS har god økonomi og har eige hus midt i sentrum av Oslo, med fine dansesalar, møterom og kafé som kan nyttast til mange ting.

Dette gjeld også Hallinglaget, me kunne vore flinkare med å skipa til ulike arrangement? Men det synes ikkje å vere interesse for det, enno? Den særskilt gode konserten med Per O Noss, skapte ikkje entusiasme i laget. Så kva skal ein finne på? *Konklusjonen vår so langt er vel at me gjer det me får til enno betre!* Så no satsar me på enno betre og meir varierte øvingskveldar. Me hadde ein kjempestart på springarøvingane i år, med både hallingspringar, pols og gamaldans! Det var verkelig bra, takk til Elise Tegnér, som spelte så variert og godt. Det ser ut som at det fenger med variasjon i musikken, jfr. den fine Juleavslutninga vår før jul; sjå eige referat om den! Me i Styre og stell har merka oss dette og håper på eit oppsving i laget.

Årsmøtet vårt i år er 28. februar, og eg oppfordrar alle medlemer og andre med interesse for laget til å møte opp og si kva det meiner. Her vil me diskutere visjonar og planer for framtida for laget. Dei viktigaste aktivitetane som må drivast vidare er i alle fall dansemiljøet og hyttelivet i Lillomarka. Sjå årsmeldinga for Hallingbu. Nytt i fjoråret var at Sørlandslaget, som vel har den finaste hytta i heile Lillomarka, inviterte alle laga med hytte i Lillomarka til rekefest. Det vart ein fest underteikna aldri vil gløyme, men han var aleine frå Hallinglaget, typisk! I den våtaste dagen og kvelden det året. Men omlag 20 personar trossa vær og regn, og me fortærte uhorveleg mengder reker med det som høyrer

til! Kvinnene i Sørlandslaget var nok også redde for at det skulle bli for lite, slik som våre kvinner, eigentleg ein god eigenskap har eg funne ut!

Ei nemnd det kan være interessant å vere med i er Eigedomsnemnda i BLS, for dei gleder seg over god økonomi i garden slik at det no er mogeleg å få gjort noko. No finns det pengar for å få til oppussing og modernisering. Då er det sjølvsagt moro å drive på. Og dette er viktig, for det er ikkje nok å ha pengar, ein må ha folk til å drive på også. Elles blir det ofte å kaste pengane ut av vindauge.

Hallinglaget treng også medlemer som vil melde seg inn til Norge Ungdomslag, slik at me er eit lag med ein viss tyngde! Så det er kjempefint om folk nyttar medlemsgiroen som ligg ved denne avisā.

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22! Bli med å dans i året som kjem ...
Kos dikkon med Hallingljom!***

*Beste helsingar
frå Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



Foto: Svein Aasen

Årets mest vellukka tilskiping i Hallinglaget var som vanleg: Helgekurset i hallingspringar!

Her er eindel av dansegjengen på sundagen, då me dansa i Storsalen. Dette kurset var eitt av dei beste me har halde nokon gong. Fremst på bildet er spelemennene Atle Haugen og Ola R. Imset. I kretsen bak dei ser me Berit Grøtt Ellefsen, Ulf-Arne Johannessen, Else Mohn, Silje Risdal Liahagen, Terje Grangård, Gro Sissel Taraldrud og Heidi Wie. Det var så fint at heile Styret var med og skipa til dette kurset. Det var makalaus god instruksjon ved Ulf-Arne og Silje. ***TAKK til alle som kom og skapte ei skikkeleg fin danseoppleveling!***

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2018

I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 28. februar kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Bruns gt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2017
4. Godkjenning av rekneskapen for 2017
5. Arbeidsplan for år 2018
6. Fastsettjing av prisar og medlemspengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Diskusjon:
Visjonar for framtida for Hallinglaget og BLS

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 15. februar 2018.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2017, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2017

Styret:

Leiar: Terje Grangård.
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen.
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.
Skrivar: Heidi Wie.
Styremedlem: Else Mohn.

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Bladnemnd: Terje Grangård, Else Mohn og Svein Aasen.

Danseleiar: Silje Risdal Liahagen (vår) og Knut Skrindo (haust).

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Revisor: Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 1. mars i 2017. Dette året hadde Hallinglaget 34 fullt betalande medlemer og 10 bimedlemer. Av medlemene var det ingen personar under 26 år, så me er vel ikkje noko ungdomslag lenger? – men dansegleda er stor! Det er same antall medlemer som i fjor. Antall medlemer er særstakt viktig for laget, så bruk innbetalingskortet! Skal Hallinglaget overleva på sikt må me også ha rekruttering, så laget håper å få med fleire medlemer og unge neste året. Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år og bli medlem (kun 250 kr.), for dei over 26 er det 380 kr. i 2018.

Dette året har også vore eit aktivt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2017 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22. Det var særstakt godt og variert spel på desse øvingane, med både Sina Myhr, Helga Myhr, Hilde Kirkebøen, Atle Haugen og Ola R. Imset på hardingfele og Ulf-Arne Johannessen på einrader. Etter den siste springarøvinga på våren (31. mai), tok nokre av oss ein utepils på St Olavs plass for å prise våren! Då opplevde me kor fint det kunne vere i hovudstaden ein vårveld.

Hausten 2017 hadde Hallinglaget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Spelvinner som spelte for oss denne hausten var Helga Myhr og Hilde Kirkebøen på hardingfele. Spelemenn som spelte for oss var Ulf-Arne Johannessen og Atle Haugen, der sistnevnte «redda uss» ved å spele mange gonger. På juleavslutninga spelte Birger Liahagen særstakt bra på trekkspel, denne kvelden har ein eigen artikkel i dette bladet. På mest alle øvingane har me heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har eit oppmøte på 6 - 20 personar. Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette tilbodet i hovudstaden, og takker alle som skjem og våre gode spelemenn/kvinner som stiller opp.

Dette året har me hatt fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Styremøta har vore i Nordahl Bruns gate, på onsdagar før springarøvingane startar opp. Stemninga på styremøta er god og til mat er pizza servert. På eit møte i haust hadde me besøk av Ida Marie Holmin frå Håløylaget, der me diskuterte «BLS i Framtida». Me prata alltid mykje om korleis me skal rekruttere fleire folk, underteikna har brukte Facebook meir dette året og som vanleg sendt ut tallause epost-meldingar. Styret oppfordrar alle til å møte opp seg på eit arrangement i ny og ne, det gjev framtidsvon for laget.

Hallinglaget arrangerte 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året (5. februar og 17. sept.). Minikursa startar kl. 18.00 og varer i ein og ein halv time, før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar 15-20 deltagarar i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til Knut Skrindo som gjorde denne kursa mogeleg. Knut sørga også for god musikk frå sin innhaldsrike mobiltelefon. Merk dykk at denne minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørspols til springleik. Heldigvis er hallingspringaren så populær at minikursa går i balanse, også fordi at dei som heldt det ikkje krev store honorar! Hallinglaget satsar på denne minikursa og vil halde fram med dei. Knut Skrindo tok også over som danseleiar denne hausten og har gjort ein formidabel innsats, laget takkar ham hjertligst.

Nytt av året var at Hallinglaget var med på å skipa til ein veldedighetskonsert for å støtte døve barn i Afrika. Fredag 10. mars stilte Ålingen Per O Noss opp med fullt band i Halli kl. 19.00. Imponerande av Per som gjer omlag 10 prosent av det han tener til «Deaf Aid for Africa». Så det var ei ære å vere med på dette for underteikna. Det vart ein særskilt god og triveleg konsert i kategorien visepop/poprock, der Per syng på norsk/halling/dialekt. Per hadde med seg fire særskilt dyktige musikarar som imponerte. Ei oppleveling som alt for få i BLS-miljøet fekk oppleve, berre 5 møtte opp! Heldigvis hadde Per mange venner så det kom omlag 30 personar til. Betre lyd og lys har det garantert ikkje vore i Halli nokon gong. Det var eigen lyd- og lys-mann, der sistnemte også filma konserten for vidare promotering. Alt i alt ein vellykka konsert – sjølv om ikkje medlemene synes å ville ha dette heller?

Nokre medlemer i Hallinglaget vitja også i år Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (25. mai - 29. mai). Underteikna tok seg fri på fredagen og fekk med seg underhaldninga torsdag/fredag som alltid er bra (Quiz, Frokostspringar og Intimkonsertar). I år var det Festival meir enn nokon gong før, med stort telt framom Sundrehall. Her var det varierte konsertar og framsyningar i eksepsjonelt bra vær, så ein også kunne danse ute. Beste oppleveling i 2017 var vel framsyninga «Døgeniktenes debatt», den er ikkje lett og overgå! Hallinglaget satsar på fellestur kvart år, for dette er viktig for samhaldet i laget. Og merk dykk at me blir tatt godt imot på Ål og at Ulf-Arne er sjef!

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var onsdag 7. juni i særskilt vått summarvær! Men Else, Heidi og Terje reiste opp tidleg på dagen for å fyre opp hytta, vaske, rydde og lage til maten for dei som kom etter, ca kl. 18. Då kom det 5 til (Trond, Svein, Elise, Geir og Ove) og alle som kom var svært nøgde. Litt regn bør ikkje skremme nokon og det er veldig moro at folk kjem på turane våre. Det er eit referat frå frå denne turen i Hallingljom 2/17. Og merk dykk at alle som kjem seg til Hallingbu blir glade og blide.

Det vart ikkje deltaking i Lagdans for Hallinglaget på Landskappleiken i år heller, no er det to år me ikkje har stilt lag! Men med Landskappleik på Røros! - hadde eg bestilt overnatting eitt år i fyriegen! Det vart minneverdige dager, i år mykje saman med Ål Spel- og Dansarlag. Dette året skipa dei til eit minneverdig treff med spekemat torsdage og eg var tidleg spurt om eg ville danse me dei på Lagdansen fredagen. Eg kunne ikkje si nei til det, for kvinner som vil danse må få danse og eg danser gjerne med Ålingan! Og for ein Lagdans det vart, og for eit spel av Øyvind Brabant! Alt klaffa, åtte par i alder frå 22 til 75 år, der me alle avslutta som perler på ei snor, alle i den finaste halling bunad. Ål vant likeså godt heile greia, og då vart lagkjensla stor – og dansen på kvelden enno heftigare.

Også dette året var BLS med alle laga (18 stk) med på *KULTURNATTA I Oslo 2017*. Denne kvelden, fredag 15. september, vart vellykka, med liv og røre i alle salar. Særskilt godt dansespel, Bygdelaga dansa i Blåsalen og eg talde over 15 personar som dansa hallingspringar til det gode spelet til Herbjørn Liahagen frå Hamar. Kenneth de Gala sørget for telespringar og numedals-springar. Valdresspringar vart det dverre ikkje for spelemannen meldte forfall. Symra sørget for utsøkt mat (pølser + kaker) i kafeen, så det var full fart til langt på natt! Anslagsvis var godt over 200 innom dørene i Nordahl Bruns gate 22 denne kvelden. Møt opp neste år! Alt er gratis unntake maten! - og den er billig også!

Hallinglaget skipa på nytt til eitt særslag i hallingspringar, helga 4. - 5. november. Dette kurset er eitt av dei beste me har skipa til, der folk lærte veldig fort og alle var nøgde. Ein stor takk til instruktørane, Ulf-Arne Johannessen begge dagane som fekk oss inn i takte på eit blunk og han fekk hjelp av Silje Risdal Liahagen på sundagen. Då viste dei springaren så fint det går an! Dansespelet var taktfast og fint, både Atle Haugen og Ola R. Imset spelte for oss desse dagane. Dei spelar særslag godt isaman og det ser ut som dei trives og det er også viktig! Maten som kvinnene i Styret/Laget laga smakte godt som vanleg, og eg trur at nokon kjem att kvart år på grunn av den. Elles er det at ein ikkje får dansa meir hallingspringar enn i denne dansehelga. Heile Styret deltok og då er det moro å vere leiar! Det er og så mange som kjem kvart år at me kan halde fram me desse kursa. Desse kursa er faktisk det beste Hallinglaget får til kvart år, me har sikkert halde kurs i 25 år! Det er me stolte av.

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 5. mars og 12. november. Det er normalt for lite folk som møter opp! - så alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er det gode spelgrupper som spelar til dans der. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person til, slik at me blir fleire. Eg foreslår at me satsar på ein sundag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen.

Oslokappleiken på Riksscena, laurdag 19. november, var underteikna med som hjelper. Eg vart glad over kor mange ungdomar som var engasjert i dette. Det var to lag på minst 12 personar som fekk det til å gli på eit vis, sjølv om ikkje Riksscena egner seg for Kappleik! Lang veg til øvingsromma, der ein også må ut! Nytt av året var at ein kunne kjøpe seg god mat på Riksscena dette året. Kappleiken drukna litt i Folkelarm 2017 (16. – 19. nov.) som i fjar - med seminar, konsertar og dans heile dagen/kvelden/natta. Underteikna kjøpte gjennomgangsbillett og var med 7 + 7 + 10 timer og var nögd med helga!

På Juleavsluttinga den 6. desember var det Birger Liahagen, gjesteartist frå Gol, som spelte til dans for oss, og det vart dansespel som alle likte. Birger spelte både hallingspringar, pols og gamalsdans som alle likte! Alle som kom vart fyrst servert gløgg, småkaker og klementiner, før det etter ein time vart bordsete der me kosa oss med gode heimelaga rundstykke og kaker, før me sette i gang med dansen att. Det er eit livat referat og eit par bilder frå denne kvelden i avis, les og kos dykk med den – den er på halling! Ein stor takk til alle som kom, denne kvelden gav framtidsvon til laget.

Hardingfela til Hallinglaget har dette året vore leigd ut til Henrik Kamphus, som dette året har vore medlem i Hallinglaget, slik som felereglane krever. Henrik var med på juleavslutninga, men leverte inn fela etter eit år då han også prøver å spele på vanleg fele. *Så no er hardingfela klar for ein ny person!*

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver, men dei kostar pengar. Så papirkopier bli no berre sendt ut til medlemer, til dei som kjem på øvingane og til dei som er nemnt i bladet. Dei andre får avis på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net. Her ligg også dei siste utgåvene av Hallingljom lagra.

Dette året har Hallinglaget støtta to Cd'ar med tre tusen kroner kvar! Fyrst ut var Kvedarkvintetten som gav ut ei Juleplate som heiter «Julesong». Kvedarkvintetten består av Margit, Sina og Helga Myhr og Silje og Tonje Risdal Liahagen. Helga og Silje skapte glede på Juleavslutninga då dei song to songar frå Cd'en. Takk til dei. Neste år skal Øyvind Brabant gje ut ein CD som alle gleder seg til. Hallinglaget håper å kunne skipa til eit CD-slepp i Oslo når Cd'en til Brabant er ferdig! Om det ikkje

blir liv og dans i Nordahl Bruns gate 22 då, så veit ikkje eg korleid me skal få samla folk. Øyvind er den beste dansespelemannen til hallingspringar eg veit om, han kan vere heilt elektrisk.

Dette året fekk Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal, Skue Sparebank og frå Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå. Tilskipingane våre har også dette året gått relativt bra. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til eit nytt år.

Leve Hallinglaget!

*20. jan 2018,
Terje Grangård*



*Per O Noss med fullt band i Halli 10. mars 2017. Ei fin oppleveling for dei som var der, av folk frå laga var det Gro Sissel, Heidi, Live, Jostein og underteikna. All inntekt gjekk til døve i Afrika!
Foto: Terje Grangård*

Årsmelding Hallingbu 2017

Ein desemberkveld tikka det inn ei melding frå Michel:

"Varme fra ovnen, tøfler, varm kakao, Donald og P7 julemusikk. Er det noen sak? Hallingbu hilser."

Slik vart det Michel og Simon frå Fredrikstad som både opna og stengde hytta dette året, noko som vitjar om at det aldri er for lang veg for ein tur te Hallingbu. Og ikkje nok med det, Michel har gjeve hytta ein flunkande ny rosa DAB-radio, det seier me tusen takk fe!

Det har vore fine turar te Hallingbu i år som tidlegare år. Fleire fellesturar med gode dugnader og hygge og ikkje minst den årlege spikjikjøtturen då me vart 8 personar rundt eit rikhaldig bordsete.

På dugnadsturen vart me 6 personar som jobba jevnt og trutt ein heil dag der me mellom anna fekk vaska godt over både inne i hytta og på do, reparera olla ordentleg og rydda litt skog, og sjølvsagt eti godt og lenge! Noko meir dugnadsarbeid hadde me kan hende tenkt på, men me får la tida kome te oss, og 2018 kan og bli eit godt år fe slikt arbeid. Me ventar på svar frå Nedre Romerike brann- og redningsvesen vedrørande feiing av pipa, og håpar på at det kan hjelpe på altfor mykje røyk som nå siv ut av peisen under fyringa. Vidare er det dette store glaset som me endeleg må få ny kitt på og måla opp att.

Men la deg for all del ikkje skremme av alt det me har fore fe hytta, det er meir enn lov å kome og berre vere på Hallingbu, for det meiner eg visst er det aller viktigaste; berre vere, kjenne og lukte på skog og ro og leve der og da.

Godt år og ver velkommen.

Else Mohn

Hyttesjef



Simon veit å kose seg Foto: Michel Gascoin.



Den rosa DAB-radioen fortjene eit bilde! Ei fin gave til Hallingbu frå Michel som er med i Hyttestyret. Artig bilde som viser full fyr i ovnen, ein Jøkul 602 som er i Midtrommet! Hallinglaget informerer om at det er lett å varme opp midtrommet og soverommet.
Foto: Michel Gascoin.

HARDINGFELE TIL LEIGE

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er bra og ho er no klar til å leigast ut til ein interessert person i Hallinglaget.

Interesserte kan få tilsendt Felereglane, meld frå til leiar eller ein i Styret. Reglane seier at den som leiger fela må vere medlem i Hallinglaget, og at ein setter på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela er no 1000 kr, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa!

I reglane er det også nemnt eit depositum for å få leigd fela, men det har me ikkje praktisert. Me synes det er nok at den som leigar fela forsikrar at ein er interessert og vil ta vare på hardingfela etter beste evne. Etter to år skal fela leigast ut til ein ny person om det er fleire som vil leige ho! For etter å ha leigd fela i to år må ein vite om ein vil investere i si eiga fele, og då er de mest solidarisk at ein ny person får prøve seg.

Terje

HALLINGLAGET i OSLO våren 2018

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- | | |
|-----------------|---|
| 17. jan. | Springarøving kl. 19.00. |
| 31. jan. | Springarøving kl. 19.00. |
| 14. feb. | Springarøving kl. 19.00. |
| 14. mar. | Springarøving kl. 19.00. |
| 11. apr. | Springarøving kl. 19.00. |
| 25. apr. | Springarøving kl. 19.00. |
| 6. jun. | Springarøving kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar.
Ut å ta ei øl etter siste øvinga før sumaren. |

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 4. februar: Minikurs i hallingspringar, før Folkedanskvelden kl. 18.00.

Det blir taktfast dansespel ved **Atle Haugen** og god instruksjon
ved **Knut Skrindo** i ein og ein halv time. Her håper me mange møter opp!

Onsdag 28. feb: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET! Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Medlemer oppfordres til å møte!

Sundag 4. mars: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden
frå kl. 19.30. Denne kvelden er det **De Frilynde** som spelar til dans.
Det blir liv og røre, så møt opp, dans deg glad og kjøp våre gode vafler!

24. mai – 28. mai: Folkemusikkveka på Ål!

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!
Hallinglaget vil leige ei hytte eller to i Satakroken som vanleg ...

Onsdag 6. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

27. juni - 1. juli: Landskappleik i Trysil! Her blir det liv, god musikk og mykje dansing!

VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net
Facebook: Hallinglaget i Oslo
Vipps: 48034943

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.com)
Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), (gst@cultura.no)

God julestemning i Hallinglaget.

Hallinglaget har ein god tradisjon med å skipa til juleavslutning når det nærmar seg julehøgtida. Slik vart det også i år den 6.12.17 . Følk strøynde til Nordal Brunsgt frå alle kantar av Oslo, i Blåsalen, med fint juleantrekk og ein forventning om at dette skulle bli ei verdig avslutning på dei mange danseøvingane i laget denne hausten. Og det vart det!

Denne gongen hadde laget vore so heldige og fått spelemannen Birger Liahagen til å ta med seg trekkspelet sitt den lange vegen frå Grønlio i Gol og ned til hovudstaden. Og Birger let seg ikkje beda to gonger. Så snart han hadde fått tidna belgen denne kalde desemberkvelden, så sette han i gang med dette særmerkte spelet sitt som mange av oss kjenner. Den eine danselåtten etter den andre kom rullande ut or belgen og fram etter golvvet, lette og lystige dansetonar, mest hallingspringar sjølvsagt. Innimydljo sneik det seg inn nøkle framande tonar som ein pols eller to. Alt i orden, Birger! Hallinglaget i Oslo era modigt fleksible på detta området. Me leva i ei heksegryte og er vane med mange inntrykk frå den store væle.



Birger Liahagen med sitt store, gode og oppvarma trekkspel. Foto: Terje Grangård

Og danseføtadn? Jau då, dei vore med. Her nytta det ikkje å vere døven! I alt 36 klåuge og kaute danseføta let seg egge med i desse underjordiske blåtonadn frå Birger. Det gjikk mest sjølvse når dansespelet er so lett og huskande. Hallinglaget ha mange subbne danseføta, og denne kvelden var det ho Gro Sissel, Sigbjørn, Berit, Terje, Else, Michel, Heidi, Johnny, Hilde, Elise, Geir, Norene, Ingunn, Henrik, Silje, Helga, Alix og Olav Arne som dansa. Før ein dansegjeng! Fins ikkji makjin! (Domt me ikkji stilde på landskappleiken i år, då hadde me temmeleg sikkert gjort reint bord,,sligli Ålingadn????)

Herte utpå kvelden måtte økludn og knødne få kvile, det æ mange her i Hallinglaget som no ha passert 30 år, så då lyt ein få seg ei pause. Den makalause Else hadde blanda te ein julegløgg slik som ingen andre kan, med krydder og sjølvplukka urtu og mykje anna godt. Affe gløggen hadde ho stelt i stand med julebakels, rundstykkju og kjøtpålegg. Gro Sissel laga eggjirøre og Berit stilte med nysteikte rundstykkju. Du og du før noko kvennfølk me ha i detta Hallinglaget! Det æ nesten før godt te å vere sant!! (Det einaste som e kunna pirke burti lite, æ, kansi kos æ det mæ likestillingi i Hallinglaget? Burde ikkje laget ha ein likestillingsleiar akkurat som laget har ein danseleiar? Detta bør koma som ei «me too» sak på årsmøtet!!!!)

Alt i alt kunne me puste ut ette nøk ei gjevande øving i dette fine laget. Det bli ikkji ei skikkeleg jul, utan fyrst å ha fått med seg juleavslutning i Hallinglaget. Velkømen att te neste år!

Olav Arne Løstegaard



*Noko tå dansegjengen på Juleavslutninga 6. desember 2017. Her var det liv og leik!
Foto: Terje Grangård*

Her kjem nokre ekstra bilder frå det gilde helgekurset i haust.



Ulf-Arne Johannessen og Silje Risdal Liahagen synte hallingspringaren særer bra.



Etter kurset var alle glade og blide. Her er spelemennene Ola og Atle, samt instruktør Silje.

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 4. februar i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved **Knut Skrindo** (A-klasse dansar) som får hjelp av jentene i laget. Taktfast dansespel ved spelemannen **Atle Haugen**.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 130 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden. Frå kl. 19.30 spelar Fantaladdane i Storsalen i mange timer. Hugs at det kvar sundag 19.30 er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22!

Ta med danseskoa og kom og dans! Både nye og gamle danserar er velkomne.



Leiaren i Hallinglaget er no også med på PR på Facebook for Bygdelagsskipnaden! Her i starten på ein triveleg pols med Helga Brekke. Biletet er tatt av Thor Hauknes, Helgas mann og meisterfotograf. Takk til dei begge for alt dei bidrar med i folkedansmiljøet i Oslo.



Hallingdal Låtelag deltok på Røros og gjorde det bra. Dei er dyktige og fargerike.

Oversikt over leiarar i Hallinglaget dei siste 77 åra

(Fram til om lag 1975 var det to årsmøte i året,
og då hendte det at det vart valt ny leiar på halvårsmøtet)

Årsta	Leiar
1941-45	Lars Tormodsgard (Ål), laget var lagt ned 1942-45 pga. krigen.
1945-46	Trygve Slaatto (Ål)
1946-47	Sverre Ulsaker (Gol)
1947-48	Paul Breiehagen (Ål) og Hallgrim Ulsaker (Gol)
1948-49	Egil O. Eiklid (Gol)
1949-50	Leiv Breiehagen (Ål)
1950-51	Olav Moen (Hovet?) og Odd Jordheim (Hemsedal)
1951-52	Ragna (Juven) Agjeld (Geilo)
1952-53	Olav Sevre ? (Nes) og Olav Finnset ?
1953-54	Trygve Tollefsen (Flå)
1954-55	Ragna (Juven) Agjeld (Geilo)
1955-56	Trygve Tollefsen (Flå)
1956-58	Sigmund Sveinhaug (Hol)
1958-59	Torbjørn Moen (Hovet)
1959-61	Ragna Øyno Jensen (Ål)
1961-62	Sigmund Sveinhaug (Hol)
1962-63	Kjell Snerte (Hemsedal)
1963-64	Ragnar Hulbaklien (Gol)
1964-65	Marit Brusletto Sveen (Geilo)
1965-66	Ole Kr. Grimeli (Flå)
1966-67	Bjørg (Andersen) Henriksen (Nes)
1967-69	Erling Kåsin (Hol)
1969-70	Halldis Vindegg (Hol) og Marit Rime
1970-71	Kristian Kleppo (Hovet) og Harald Hamborg (Gol)
1971-72	Kristian Kleppo (Hovet)
1972-73	Torleif Teigen (Ål) og Kristian Kleppo (Hovet)
1973-74	Torleif Teigen (Gol)
1974-75	Harald Hamborg (Gol)
1975-78	Kari Berit Breie (Ål)
1978-80	Kari Berit Breie -> full stillstand i laget, men Kari Berit heldt liv i det!
1980-83	Olav Berg (Gjøvik/Gol)
1983-84	Liv Turid Tufte (Geilo)
1984-89	Gunnlaug Lien (Gol)
1989-90	Terje Grangård (Flå)
1990-92	Svein Magne Bråten (Nes)
1992-94	Ingebjørg Rivedal (Gol)
1996-98	Geir Tretterud (Torpo)
1998-99	Anne Kari Bråten Eriksen (Nes)
1999-01	Gunn-Kjersti (Bøygård) Sandelien (Ål)
2001-02	Geir Tretterud (Torpo)
2002-04	Ingunn Stræte (Sørbøen) Lie (Ål)
2004-19	Terje Grangård (Flå)
2019-	Ny leiar må på plass!

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2018

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og ev. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Sjå infoside om Hallinglaget på neste side ...

Leiaren i laget misforstod BLS intensjonar om å lage ein folder om kvart av laga i BLS, og sette i gang med å skrive konsentrert om kva Hallinglaget driv med:

Dans og hytteliv! på ei side ...

Foldaren i fyrste utgåve blir mykje enklare, berre eit par linjer om kvart av laga med kontaktinformasjon.

Veldig nyttig det også, men eg legg ved sida eg har skrive slik at alle får sjå den, og kanskje finn ut at Hallinglaget kan vere eit tilbod til utflytta hallingar og andre.

/Terje

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net, Facebook: **Hallinglaget i Oslo**

Hallinglaget er eit av bygdelaga i BLS, som opphaveleg var eit ungdomslag for hallingar i Oslo. Laget vart skipa alt i 1899 og vart stort tidleg på 1900 talet og i tiåra etter 1945. I dag er laget for **alle** som liker bygdedans og folkemusikk frå Hallingdal samt hytteliv i Lillomarka.

Hallinglaget er kjent for å skipa til særleg gode helgekurs i hallingspringar kvar haust. Då er ofte førti deltakerar med. Elles heldt laget hallingspringaren i hevd gjennom faste øvingskveldar og minikurs kvar vår og haust. På alle samkomer er det levande musikk på hardingfele eller toradar, av spelemenn og kvinner som spelar særskilt fengjande dansespel. Alle er velkomne til å vere med å danse.



Helgekurset hausten 2016.



Hallingbu er laget si mest verdifulle eige.

Hallinglaget har også ei sjærmerande hytte, **Hallingbu**, i Lillomarka, ein liten times tur inn frå Maridalen (Snippen Stasjon). Hytta ligger fint til på ein kolle med eit lite vatn like under. Det arrangerast fellesturar dit og hytta kan leigast rimeleg av alle medlemene i laget.

Kom og bli med på laget sine trivelege samkomer, meld deg på epostlista til laget og du får vite alt som skjer i folkemusikken i Oslo.

Folkedanskveldar våren 2018

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
7. jan	Brødrene Kjorstad	Springleik	Numedalslaget
14. jan	Fanteladdane	Folketango	Hordaringen
21. jan	Eiker spelemannslag	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
28. jan	Bærum spelemannslag	Stildans	Symra
4. feb	Fanteladdane	Hallingspringar!	Folkedansnemnda
11. feb	Østerdølenes spellmannslag	Rørospols	Hordaringen
18. feb	Elise Tegnér m/venner	Avlyst	?
4. mar	De Frilynде	Folketango	Hallinglaget i Oslo !
11. mar	Bærum spelemannslag	Springar frå Sunnmøre	Symra
18. mar	Steinsgårdskroken	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
8. apr	Farande Fant	Folketango	Folkedansnemnda
15. apr	Tonje og Stein Magne	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
22. apr	Dølalæte	Folketango	Folkedansnemnda
29. apr	Sofienberg spelemannslag	Nordlandspols?	?
10. mai	Symradern og Att og fram	Stildans	Symra
13. mai	Østerdølenes spellmannslag	Finnskogspols	Hordaringen
17. mai	De Frilynде		Folkedansnemnda
27. mai	Buskspel m/dans	Spesielt opplegg ...	Hordaringen

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 80,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)** Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden: www.bls.no - fine sider!

e-post: post@bls.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

Styret i Hallinglaget 2017–2018

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Slottsberget 71, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@asker.kommune.no
Medlemer:	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo Tlf: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Reshjemveien 247, 3677 Notodden Tlf: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%